



Stad
kommune

HØYRINGSUTKAST 14.11.24
REVIDERT ETTER HØYRING 10.04.2025
ARKIVSAKNR.: 21/1502

Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045



Innhald

Forord	03
1. Introduksjon	04
2. Nordfjordeid sin identitet og posisjon	11
3. Sentrale utviklingstrekk	13
4. Visjon og hovudmål – kva ønskjer vi oss for Nordfjordeid i framtida?	15
5. Innsatsområde – kva skal vi prioritere på Nordfjordeid?	17
6. Strategiar for delområde	25
7. Kunnskapsgrunnlaget	33

Forord

Nordfjordeid sentrum har endra seg mykje gjennom tidene, og tyngdepunktet i sentrum har vorte flytta fleire gonger, som resultat av endringar i arbeidsplassar, næringsutvikling og innbyggjarane sine behov. Ved å planlegge framover kan vi unngå ringverknader som ikkje er ynskjeleg og vi kan planlegge til dømes infrastruktur langt fram i tid. Det kan spare innbyggjarar, næringsdrivande og kommunen for kostnader og ulemper i framtida.

Nordfjordeid er eit levande sentrum med ei rik historie og eit stort potensial for framtida. Med denne strategiske planen ser vi fram mot 2045 – med eit klart mål om å utvikle Nordfjordeid til eit endå meir livskraftig og inkluderande kommunesenter. Visjonen som skal vere rettesnor for utviklinga: På Nordfjordeid er folk i sentrum. Dette betyr at vi skal skape ein stad der det er godt å bu, besøke og drive næring – ein stad som tek vare på menneska, miljøet og moglegheitene.

Planen legg vekt på at eit levande sentrum er fullt av aktivitet og møteplassar, eit inkluderande sentrum er tilgjengeleg for alle, og eit urbant sentrum gir rom for kultur, mangfald og høg kvalitet i tenester og omgjevnader. Dette er ikkje berre ord – det er ambisjonar vi skal realisere gjennom konkrete grep og samarbeid. Med denne planen inviterer vi alle – innbyggjarar, næringsliv, frivillige og offentlege aktørar – til å vere med og forme Nordfjordeid for framtida – til å lage «verdast beste vesle Stad».

Judith Kvåle

Ordførar, Stad kommune

1. Introduksjon

Kva skal denne planen løyse?

Kommune-Noreg står i åra som kjem ovanfor fleire store endringar, som er knytt til ei rekke samansette utfordringar i samfunnet. Vi må derfor jobbe mot ei større samfunnsomstilling til:

- Eit aldersvennleg samfunn
- Eit helsefremjande samfunn
- Eit nullutsleppssamfunn
- Eit klimatilpassa samfunn
- Eit samfunn med nyskapande og berekraftig næringsliv
- Eit naturvennleg og arealnøytralt samfunn
- Eit meir inkluderande samfunn
- Eit samfunn med tilstrekkeleg tryggleik og beredskap

For tettstadutvikling er desse transformasjonane meir relevant enn nokon gong før.

I Stad kommune sin samfunnsdel er det bestemt at endring og berekraftig utvikling skal ligge som premiss for alt vi gjer. Kommunen skal mellom anna nytte berekraftsmåla som eit verktøy for å utvikle samfunnet i ei retning som gjev berekraftige lokale løysingar, som samstundes bidreg globalt. Samfunns målet til Stad kommune er «*Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag*». Dette er ei kort skildring av det samfunnet vi ønskjer å skape i Stad kommune. Gjennom strategisk plan for Nordfjordeid vil vi konkretisere kva som må til for at kommunesenteret i Stad vert enda meir livskraftig og trygt. Fokuset i arbeidet med strategien har derfor vore korleis Nordfjordeid kan utvikle seg vidare som ein berekraftig og attraktiv stad å bu, besøke og drive næring.

Arbeidet med ein heilskapleg strategisk plan for Nordfjordeid er samfunnsutvikling. Dette er ein form for arbeid som kommunen verken kan eller skal styre fullt ut. Det strategiske arbeidet kan ikkje og skal ikkje femne om all utvikling og alle initiativ som skjer i sentrum i perioden for prosjektet. Planen omfattar heller ikkje handlingar og tiltak. Handlingar skal forankrast gjennom økonomiplan, verksemdsplanar og andre overordna styringsdokument.

– Gjennom strategisk plan for Nordfjordeid vil vi konkretisere kva som må til for at kommunesenteret i Stad vert enda meir livskraftig og trygt.



Gjennom planen ønskjer vi å identifisere og mobilisere til ei felles retning for Nordfjordeid framover mot 2045. Strategien skal skildre den langsiktige utviklinga vi ønskjer oss for kommunesenteret vårt. Ved å peike ut ei felles retning for Nordfjordeid ønskjer vi å sikre heilskapleg utvikling som tek vare på alle innbyggjarar. Overordna innsatsområda og strategiske plangrep skal gje ei tydeleg retning for det seinare arbeidet med arealplanar og utviklingsprosjekt.

Bakgrunn for arbeidet

Utviklinga i Nordfjordeid har vore både planstyrt og politisk styrt gjennom arealplanar og handlingsplanar. I perioden 2008–2012 var ein eigen utviklingsplan med handlingsdel førande for vidare utvikling av Nordfjordeid sentrum. Handlingsdelen inneheldt mellom anna tiltak som vidare opprusting av Eidsgata, utvikle Lunden og Stokkenes, stimulere til utvikling rundt godsterminalen og båthamna og etablering av nye næringsområde. Svært mange av tiltaka i handlingsdelen for 2008–2012 er per i dag utført. Dei seinare åra har det vore arbeidd fram nye oppdaterte kunnskaps- og analysedokument, som dannar grunnlaget for nye strategiske vegval og handlingsplanar.

I mars 2021 bad Stad kommunestyre i sak 21/086 om «...at det blir lagt fram ei sak om korleis ein kan planlegge og gjennomføre eit hovudprosjekt knytt til strategisk utvikling av Nordfjordeid sentrum i samarbeid med næringslivet og grunneigarar».

Vidare gjorde kommunestyret følgjande vedtak i møte 18. juni 2021, sak KS-21/029:

1. Stad kommunestyre ber om at det vert starta opp eit utviklingsprosjekt Nordfjordeid sentrum, organisert rundt tre konkrete prosjekt:
 - a. Klart mål og strategi for Nordfjordeid sentrum
 - b. Arealstrategi for Nordfjordeid sentrum
 - c. Eigedomsutvikling og eigarskap (offentleg/privat, organisering av aktivitetar m.m.)
2. Brei involvering, samarbeid og samskaping mellom kommunen, innbyggjarane, næringslivet, frivillige lag og organisasjonar skal utgjere «berekjelken» i utviklingsprosjektet.
3. Kommunestyret ber Kommunedirektøren legge til rette for at kompetanse innan universell utforming vert teke med i ei aktuell ressursgruppe.
4. Det vert løyvd kr. 1 mill. for gjennomføring av utviklingsprosjektet. Midlane vert løyvd frå kommunen sitt disposisjonsfond.



Som ein del av oppfølginga av punkt 2, som gjeld krav om brei involvering, samarbeid og samskaping i prosjektet, vart det lagt fram ei sak i kommunestyret den 29. oktober 2021, sak KS-21/143. I denne saka vart det peika på at utviklingsprosjektet for Nordfjordeid sentrum grip inn i ansvarsområda til alle dei faste utvala og til formannskapet i Stad kommune. På bakgrunn av dette var det foreslått å setje ned eit oppgåveutval samansett av politikarar frå dei faste politiske utvala i Stad og innbyggjarar med spesiell interesse og kompetanse for saksområdet, som skulle fungere i ei avgrensa periode. Medlemmer til utvalet var valt av Stad kommunestyre i møte 27. oktober 2022, sak KS-22/150.

Oppgåva (mandatet) var å levere eit diskusjonsnotat til kommunestyret som summerer opp utvalet sine diskusjonar omkring temaet «Næringslivets betydning i eit levande og berekraftig Nordfjordeid». Notatet skulle gi innspel til det vidare politiske arbeidet med sentrums- og næringsutvikling, og gi ein peikepinn på kva tema som det er særleg viktig å få belyst, diskutert og tatt stilling til det vidare strategiske arbeidet og i ny arealplan.

Oppgåveutvalet gjennomførte fire møte vinteren 2022-/23, og ei oppsummering av oppgåveutvalet sine tilrådingar og diskusjonar vart lagt fram for kommunestyret i sak KS-23/027 den 23. mars 2023. I tillegg vart oppgåveutvalet vidareført med inntil fem nye møter, slik at det skulle få høve til å delta vidare i arbeidet med strategisk plan for Nordfjordeid. Utvalet sine tilrådingar har vore følgt opp av administrasjonen i 2023 og 2024, der det mellom anna er utarbeidd fortettingsanalyse med volumstudie og nærings- og handelsanalyse for Nordfjordeid. Oppgåveutvalet har hausten 2024 fått innsikt i og kome med innspel til dette arbeidet, og til arbeidet med strategidokumentet for Nordfjordeid.



Nasjonale og regionale føringar

Strategiane er i tråd med nye nasjonale og regionale føringar, mellom anna statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, og klima og energi som blei vedtekne i 2024/-25. Bakgrunnen for desse er dei store samfunnsutfordringane; klimaendringar og omsyn til naturmangfald, der ein fellesnemnar er at areal er ein knapp ressurs. I tillegg til gjeldande lovverk er følgjande særleg førande for utviklinga av Nordfjordeid som tettstad og kommunesenter:

- *FN sine 17 berekraftsmål* og nasjonale forpliktingar til desse (nasjonale klima- og miljømål)
- *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* er Regjeringa sine forventningar til kommunane som skal fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Desse blir lagt fram kvart fjerde år og skal følgjast opp av kommunane i planstrategiar og planar.
- *Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)* gjeld for all arealdisponering og kommunal planlegging, og skal bidra til å balansere vern og utvikling av areal og samordne areal- og transportplanlegging. Viktige prinsipp er mellom anna omsyn til natur og karbonrike areal, fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde, og prinsippet om rett verksemd på rett plass med omsyn til besøkstal, tal arbeidsplassar og transportgenerering.
- *Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024)* gjeld for all kommunal planlegging og skal sikre at klima og energi blir vektlagt i planlegging, offentleg verksemd og ved utøving av mynde. Dei omfattar reduksjon av klimagassutslepp, karbonopptak og -lagring, klimatilpassing, sikring av naturmangfald og forsyningstryggleik for energi.



- *Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)* gjeld for all kommunal planlegging og skal sikre at det blir teke særleg omsyn til allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen.
- *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)* er statlege planretningslinjer som skal styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (oppvekstvilkår, oppvekstmiljø mv.)
- *Utviklingsplan for Vestland 2024-2028* er den regionale planstrategien som skal ligge til grunn for samfunnsplanlegging i fylket i alle sektorar, både på kommunalt og regionalt nivå.
- *Regional plan for klima 2022-2035* er ein regional og langsiktig plan for klimaarbeidet i Vestland fram mot 2035. Planen inneheld *Retningslinjer for planlegging i Vestland* som seier kva som er venta av regional og kommunal planlegging for å sikre oppfølging av måla i klimaplanen.
- *Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027* inneheld tiltak for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomstane (innsjøar, elver og kystvatn)
- *Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2018-2023* og *Handelsføresegn for Sogn og Fjordane* gjeld inntil vidare for kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Kunnskapsgrunnlag for ny, felles regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn i Vestland var lagt fram for fylkesutvalet i Vestland i 2023, og vidare arbeid vart då sett på vent.



Lokale føringar

Den overordna arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel er bindeleddet mellom kommunen sin samfunnsdel og arealdel, og fastset hovudprinsippa for kommunen sin langsiktige arealbruk, arealforvaltning og stadutvikling. Senterstrukturen for Stad gir føringar for ei overordna funksjonsinndeling og arealbruk, der Nordfjordeid har status som kommunesenter.

Stad kommune starta opp arbeid med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i 2024. Planprogrammet for arbeidet vart fastsett 7. mars 2025, og sjølve planen skal vedtakast hausten 2025. Revisjonen handlar i hovudsak om endring av målstrukturen, forankring av satsingsområda i Stad kommune sin utviklingsplan, og revidering av arealstrategiane i samfunnsdelen. Følgjande overordna arealstrategiar gjeld inntil vidare (mars 2025) for den vidare utviklinga av senterområda, jf. samfunnsdelen kapittel 6.1 pkt. 24–31:

24. *Utvikle senterområda med utgangspunkt i staden sin eigenart og stadleg identitet, med variert butilbod, møteplassar, handel og tenester, tilpassa det naturlege omlandet.*
25. *Sikre og utvikle areal til offentleg og privat tenesteyting i samsvar med framtidig behov og forventta utvikling.*
26. *Prioritere fortetting og transformasjon i og nær senterområda, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.*
27. *Unngå omdisponering av dyrka mark og fastsette langsiktig grense for utbygging mot utmark og jordbruksområde, for å ivareta friluft- og landbruksomsyn.*
28. *Redusere transportbehovet gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, med vekt på mobilitet til fots og på sykkel og tilrettelegging for andre miljøvenlege transportløyningar.*
29. *Sikre og vidareutvikle lokal grønstruktur med samband til bustadområde. Sikre tilstrekkelege areal for utvikling av nye og eksisterande industri- og næringsverksemder.*
30. *Ta i vare næringsareal for verksemder med behov for sjøtilknytning.*
31. *Lokalisere og utvikle utbyggingsområde tilpassa konsekvensar av klimaendringar.*



Stad kommune sin «Utviklingsplan for 2024-2028. Kommunal planstrategi» skildrar fire satsingsområde som er kritisk for utviklinga av kommunen og der vi vel å rette ekstra innsats. Strategi for Nordfjordeid skal bidra til å styrke kommunen sine satsingar på:

- Inkluderande, aldersvennlege og livskraftig samfunn
- Berekraftig verdiskaping og kompetanse
- Redusere klimagassutslepp og ta vare på naturen
- Samskaping og tverrfagleg samarbeid

2. Nordfjordeid sin identitet og posisjon

Samlingsstad for folk i alle tider

Nordfjordeid har ei lang og rik historie som samlingsstad for folk. Fjorden og elveslettene med rike naturressursar gav eit godt utgangspunkt for busetjing. Arkeologiske funn på garden Myklebust, med det gravlagde Myklebustskipet, vitnar om busetjing over fleire tusen år og eit maktsenter i vikingtida.

Etter vikingtida har Nordfjordeid spela ei viktig rolle i regionen som kyrkjestad, handels- og gjestgjevarplass, eksersisplass og embetsmannsstad. Med etablering av eksersisplassen i 1650-åra og besøk av soldatar frå heile landet, vaks strandstaden fram med variert handel, tenester og tilbod langs ærverdige Eidsgata.

Det å *invitere* og ønske velkomen har over fleire hundre år etablert seg som kjerneverdier i Eidasamfunnet – og det har vore naturleg for eidaren å skape ulike arena for samhandling, kulturell utveksling og verdiskaping.

Knutepunkt midt i Nordfjord

Nordfjordeid er også i dag eit geografisk knutepunkt midt i

Nordfjord, som ligg sentralt langs aksane riksveg 15 aust-vest og E39 nord-sør. Nordfjordeid inneheld i dag mange regionale funksjonar, og er kommunesenter for Stad kommune. Tettstaden har mange urbane kvalitetar og har opplevd befolkningsvekst dei seinare åra. Plasseringa midt i Nordfjord gir tettstaden tilgang til ein relativt stor og variert arbeidsmarknad, og gir også næringslivet tilgang på arbeidskraft.

Nordfjordeid er òg ein viktig skulestad, og gjennom 100 år har skuleungdom frå heile landet reist til Nordfjordeid for å gå på skule. Eid vidaregåande skule og Fjordane folkehøgskule er ein viktig utdannings- og utviklingsarena for både ungdom, vaksne og næringslivet.

Nordfjordeid er vertsskap for både fylkeskommunal og statleg tenesteyting og administrasjon, og regionale helsetenester som Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter. Stad kommune er pilotkommune for det nasjonale prosjektet Statens Hus i distrikta der Skatteetaten, Politiet og NAV skal samlokalisere sine tenester.



Regionalt kulturfyrtårn

Nordfjordeid har eit særskilt særpreg med sitt rike kulturmiljø og kulturarv med utgangspunkt i vikingtida. Eidsgata og Tverrgata er av den best bevarte trehusbusetnaden i landet, og den gamle sjarmen har vore kjenneteiknet til bygda Nordfjordeid i fleire generasjonar. Kulturarven gir innbyggjarane ein sterk identitet og kunnskap om kor vi kjem frå, og bidreg til stadutvikling og kulturnæring.

Nordfjordeid har også eit rikt og variert kulturliv. Dei siste tiåra har fleire større kulturelle fyrtårn som Opera Nordfjord, Malakoff rockefestival, kunnskapssenteret Sagastad, Norsk fjordhestsenter m.fl. styrka Nordfjordeid sin identitet som sosialt samlingspunkt for kulturelle aktivitetar og opplevingar – for både fastbuande og tilreisande. Dei seinare åra har reiselivsnæringa fått stor vekst, med Port of Nordfjordeid og Sagastad i front.

Regionalt handelssenter

Nordfjordeid har dei seinare åre også styrka sin posisjon som handelssenter, med eit større kjøpesenter plassert i sentrum i tilknytning til mindre nisjebutikkar. I tidlegare handels- og sentrumsutviklingsanalyse (Asplan viak, 2017) er det peika på at Nordfjordeid er ein attraktiv handelsstad også for innbyggjarane i nabokommunane. Posisjonen som regionalt handelssenter er viktig for næringslivet og spesielt besøksnæringa.

Saman utgjer desse elementa ein sterk og variert identitet og posisjon for Nordfjordeid, som kombinerer historie, kultur, natur, samfunnsengasjement og samfunnsfellesskap. Dette er med på å gjere Nordfjordeid til ein attraktiv stad.

3. Sentrale utviklingstrekk

Varierende aktivitetsnivå i sentrum


Aktivitetsnivået varierer mellom sesongane. I sommarmånadane bidreg cruiseturisme til mykje aktivitet dei dagane det er anløp på Eid, men også turisme elles bidreg til at det er fleire folk som oppheld seg i sentrum. I lågsesongen er det relativt lite aktivitet i Nordfjordeid sentrum, med unntak av ved arrangement som Eidamessa, julegrantenning, gatematfestivalen mm. Det er også varierende aktivitetsnivå i ulike deler av sentrum og i ulike deler av Eidsgata spesielt, og det har dei seinare åra vore fleire tomme lokale.

Få møteplassar som samlar folk

Nordfjordeid sentrum manglar ein sentral torgplass som samlar folk. Aktiviteten i sentrum er spreidd og det finst ikkje noko tydeleg definert sentrumskjerne. Eidsgata er langstrakt og tilbyr nokre kvileplassar undervegs, men det finst få offentlege samlingspunkt utanom kaféane og kommersielle tilbod. Mange nyttar kjøpesenteret som opphaldsstad i lågsesongen, og Sagaparken er eit populært fritidsområde året rundt.

Fleire eldre og færre yngre

Demografiske endringar vil utfordre oss sterkt. I 2040 vil Stad kommune ha vel 87 % fleire innbyggjarar over 80 år, men allereie i 2025 vil Stad kommune ha fleire eldre enn barn¹. Generelt sett vil Stad kommune oppleve ein befolkningsnedgang i åra framover, men befolkningsutviklinga vil treffe geografisk ulikt. Prognosar tilseier at befolkningsutvikling i Nordfjordeid vil halde seg nokså stabil men ein svak befolkningsnedgang fram mot 2050. I dei mest sentrale grunnkrisane (Nordfjordeid, Myklebust og Lunden) er det forventa ei svak befolkningsvekst. Også i Nordfjordeid er tal barn og unge er forventa å minke, medan tal eldre aukar.



¹ SSB, 2023: Befolkningsframskriving, tabell 14288

Det kan likevel nemnast at bustadattraktiviteten til Stad kommune har vore positiv den siste ti-års perioden, ved at nettoflytting har vore betre enn forventa. Samfunnet vårt har påverka eigen attraktivitet i positiv retning.

Endring i handelsmønster

Nordfjordeid har etablert seg som eit regionalt handelssenter. Kjøpesenteret har stor tiltrekkingskraft, men dette går delvis ut over aktiviteten i Eidsgata. Samstundes er det ein stor styrke å ha desse nær kvarandre og i sentrum. Synergjar mellom Eidsgata og kjøpesenteret kan med fordel styrkast. Nisjebutikkar må konkurrere mot netthandelen, kjøpesenter og kjedebutikkar. Dei fleste nisjebutikkane i Nordfjordeid sentrum har ein jamn eller nedgåande omsetnad. Butikkane blir i stor grad drive av eldssjelar. Det er også ein generell trend i norske byar og tettstadar at varehandelen går ned og konsum av tenester aukar². Omsetnaden ved kjøpesenteret har auka dei siste åra, og har behov for meir areal til butikklokale. Veksande aktivitet knytt til reiseliv og arrangement peikar på eit stort potensiale for utvikling i Eidsgata. Cruiseturisme har blitt ein viktig inntektskjelde for mange nisjebutikkar.

² Hanne Toftdahl, 2023: Levende sentrum – hva skal til?

Manglande tilrettelegging for universell utforming og mjuke trafikantar

Sentrum er i hovudsak tilrettelagt for bilbruk og parkering, medan tilrettelegging for mjuke trafikantar er varierende. Det er få og små areal som er prioritert for gåande og syklande. Der gåande og syklande er prioritert, til dømes i Eidsgata, er det likevel betydeleg biltrafikk. Det er ikkje gjennomgåande universell utforming, og det er lang avstand mellom kvileplassar langs gangvegane.

Aukande tal besøkande

Reiseliv har vakse dei seinare årane på Eid, mykje på grunn av cruiseturisme. I 2023 og 2024 hadde Nordfjordeid rundt 70 cruiseanløp. Planen for 2025 er å auke anløp til 90 cruiseskip. Hovudsesongen for cruise er mai-september, men frå 2025 av kjem dei første skipa allereie i februar og sesongen går heilt til slutten av oktober. Gjennom arbeidet med sertifiseringsordning «Merket for berekraftig reisemål» jobbar Nordfjord-kommunane systematisk for ei meir ansvarleg og berekraft utvikling. Vidare er klimaplanen og den planlagde revidering av reiselivsstrategien viktig element innanfor dette arbeidet.

4. Visjon og hovudmål

Kva ønskjer vi oss for Nordfjordeid i framtida?

Visjonen til Stad kommune er **Verdas beste vesle stad**. Den har som føremål å samle og inspirere til felles utvikling og endring i heile kommunen. Visjonen skal gje oss krefter til å ville nå lenger.

Nordfjordeid er ein liten stad i verda der du kan få det beste ut av kvardagen. Her finn du alt du eigentleg treng i livet. Nordfjordeid er stort nok til å leve ut draumane, men lite nok til å sjå deg og ta vare på deg – og det er målet vårt:

På Nordfjordeid er **folk i sentrum** og vi skal saman skape **eit levande, inkluderande og urbant kommunesenter der det er godt å bu, besøke og drive næring**.

Hovudmål

Folk i sentrum: Eit levande, inkluderande og urbant kommunesenter der det er godt å bu, besøke og drive næring.

Kva betyr det?

Levande

Eit levande kommunesenter er fullt av aktivitet, med gode opplevingar og varierte møteplassar. Det er ein stad der det er godt å leve, og som har omgjevnader som bidrar til høg livskvalitet. Det legg til rette for enkle kvardagsliv og smidigheit for næringsliv. Det er eit sentrum som samlar folk og som har eit livskraftig næringsliv. Eit levande sentrum tek vare på særpreget sitt. Det er eit klimavenleg og grønt sentrum som jobba målretta for å redusere klimagassutslepp og ressursbruk.

Inkluderande

Eit inkluderande kommunesenter er eit sentrum der det er plass til alle. Det er eit aldersvenleg sentrum som er universelt utforma, tilgjengeleg og tilrettelagt for innbyggjarar av ulik alder og kulturell og sosial bakgrunn. Det er eit sentrum som styrkar fellesskap for å fremje tryggleik og robustheit. Det gir rom for mangfaldige aktivitetar, fleksibel bruk og innbyr til å opphalde seg. Dette bidreg til at menneske møtast og derfor til toleranse, inkludering og til redusere utanforskap. Involvering av innbyggjarar er nøkkelfaktoren for å skape gode stadar å bu, leve, arbeide og besøke.

Urbant


Eit kommunesenter med urbane kvalitetar gir moglegheit for å oppleve kultur i form av mat og drikke, kunst, arkitektur, aktivitetar og mangfald. Det tilbyr variert handel og tilbod og er skapande og open for utvikling. Det er eit sentrum som har evne til å tilpasse seg skiftande hendingar og tilhøve og tilbyr gode tenester av høg kvalitet som sikrar at innbyggjarane har tilgang på det dei treng når dei har behov for det. Det nyttar samfunnsressursar effektivt og gjer omstillingane som trengs for ein enda betre ressursutnytting.

Illustrasjon: Norconsult 2024



5. Innsatsområde

Kva skal vi prioritere på Nordfjordeid?




© 2025 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

For å nå målet om Nordfjordeid som eit levande, inkluderande og urbant sentrum der det er godt å bu, besøke og drive næring, er det definert seks prioriterte innsatsområde:

- **Effektiv arealutnytting**
- **Sosiale fellesskap**
- **Grøn mobilitet**
- **Kultur og lokalt særpreg**
- **Natur og klimatilpassing**
- **Berekraftig næringsutvikling**

Dei seks tematiske innsatsområda er likeverdige og tett kopla saman. Endringar innanfor eitt område påverkar andre område. For å lukkast med den ønska utviklinga for Nordfjordeid må ein sjå samanhengen mellom innsatsområda og arbeide parallelt med alle seks tema til ein kvar tid. Dei seks innsatsområda består av ulike strategiske grep (markert i kursiv på neste side) som forklarar korleis vi skal arbeide innanfor kvart område for å utvikle oss i ønska retning.



Figur 1: Overordna innsatsområde

Effektiv arealutnytting:

vi legg til rette for eit kompakt sentrum med høg kvalitet og korte avstandar **gjennom samlokalisering, ombruk og transformasjon av areal og bygg.**

Sosiale fellesskap:

vi legg til rette for at Nordfjordeid er trygt, inkluderande og tilgjengeleg for alle **gjennom eit variert bustad- og aktivitetstilbod, aktive møteplassar og universelt utforma byrom.**

Grøn mobilitet:

vi utviklar Nordfjordeid slik at fleire vel å gå eller sykle **gjennom utbygging av infrastruktur til mjuke trafikantar, kollektivtransport og føreseielege rammer for parkering og gatebruk.**

Kultur og lokalt særpreget:

vi tek vare på og vidareutviklar Nordfjordeid sitt lokale særpreget **gjennom vern av kulturarv med høg verdi, styrking av arkitektonisk kvalitet, tettare samspel mellom Eidsgata og fjorden, og konseptet «ein kilometer med kultur».**

Natur og klimatilpassing:


vi tek vare på Nordfjordeid sine naturlege kvalitetar og tilpassar oss eit klima i endring **gjennom vidareutvikling av blå-grøn infrastruktur, naturbaserte løysingar og å sikre plass til natur.**

Berekraftig næringsutvikling:

vi vidareutviklar næringslivet på Nordfjordeid **gjennom å få rett verksemd på rett plass, funksjonsblanding og sambruk, og eit variert handels- og tenestetilbod.**

Effektiv Arealutnytting

Vi legg til rette for eit kompakt sentrum med høg kvalitet og korte avstandar **gjennom samlokalisering, ombruk og transformasjon av areal og bygg.**



Kva betyr dette?

I eit kompakt sentrum skal det vere nærleik mellom der folk bur og dei fleste gjeremåla i kvardagen. Det at fleire bur og oppheld seg i sentrum forsterkar attraktiviteten og bidreg til å auke handel og aktivitet. Korte avstandar vil også bidra til eit aldersvenleg sentrum. Det gjer det også mogleg å utnytte og utvikle infrastrukturen på ein meir effektiv måte, til dømes fjordvarme og avløpsreinsing. Skånsam fortetting med høg kvalitet skal sikre at høgare utnytting ikkje fører til dårlegare trivsel og miljø.

Fortettingsanalysen (Norconsult, 2024) viser eit stort fortettingspotensiale for bustadar og næringslokale i Nordfjordeid sentrum. Potensialet for bustader er større enn det forventa behovet med utgangspunkt i befolkningsframskrivinga. Ved å fortette sentrum vil det frigjere ein bustadar i randsona, som bidreg til variert bustadtilbod. Dette peiker på at det ikkje er behov for å legge til rette for fleire nye bustadfelt i randsona, men det kan vere behov for å endre vedtekne reguleringsplanar for å sikre fleire byggeklare tomter.

³ Øksenholt, Kjersti Visnes, Anders Tønnesen, Aud Tennøy, 2016. Hvordan utforme selvforsynte boligsatellitter med lav bilavhengighet? Oslo: Transportøkonomisk institutt (TØI).

Korleis får vi det til?


- Samlokalisering og konsentrering av funksjonar, bustadar og aktivitetar innanfor ein mindre radius
- Skånsam fortetting og transformasjon av grå areal – utnytte allereie bygde areal meir effektivt samstundes som vi sikrar viktige sosiale, naturlege og kulturelle kvalitetar (bukvalitet, lokalt særpreg m.fl.)
- Ombruk - nytte eksisterande bygningar på nye måtar
- Både ved rehabilitering og nybygg bør byggematerial med lågast mogleg klimafotavtrykk nyttast, som harmonerer med eldre bygningstilbyr (t.d. tre, teglstein).



Figur 2: Illustrasjon av «5-minuttstaden» og «10-minuttstaden» Nordfjordeid er basert på Transportøkonomisk institutt³ sine tilrådingar med avstand på høvesvis 350 m og 650 m i luftlinje frå eit sentralt punkt mellom Eidsgata og Sjøgata. I 5-minuttstaden vert dette om lag 440-455 m faktisk gangavstand, og i 10-minuttstaden om lag 813-845 m faktisk gangavstand. Sirklane er meint som ein illustrasjon, og nokre stader vil ein i realiteten kunne nå lenger på 5 eller 10 minutt.

Sosiale fellesskap

Vi legg til rette for at Nordfjordeid er trygt, inkluderande og tilgjengeleg for alle **gjennom eit variert bustad- og aktivitetstilbod, aktive møteplassar og universelt utforma byrom.**



⁴ Bustadar som varierer i storleik, bustadsform, prisklasse mm.

⁵ I Bustadpolitisk handlingsplan 2022-2030 er det vist til ulike verkemiddel som kan bidra til at bustader i Nordfjordeid sentrum skal ha eit «normalt» prisenivå, mellom anna økonomiske tilskot og låneordningar.

Kva betyr dette?

Å kjenne på sosiale fellesskap og tilhøyrslø er viktig for god livskvalitet. For å få til dette må vi mellom anna stimulere til varierte og framtidsretta bustadtilbod⁴ og buformer tilpassa alle livsfasar. Dette er også i tråd med Stad kommune sin vedtekne Bustadpolitisk handlingsplan 2022–2030 og kommunedelplan for helse og omsorg 2023–2035. Bustader i Nordfjordeid sentrum skal ha eit «normalt» prisenivå og dei skal også vere tilgjengelege for vanskelegstilte, unge vaksne og eineforsørgjarar. I bustadpolitisk handlingsplan er det vist til ulike verkemiddel som kan bidra til dette, mellom anna økonomiske tilskot og låneordningar. Dersom fleire buset seg i og i gangavstand til sentrum vil dette bidra til å aktivere området og stimulere til sosiale fellesskap.


Varierte aktivitetstilbod, kulturarenaer og lågterskel møteplassar for alle aldersgrupper bidrar til sosiale møte på tvers av kulturell bakgrunn og alder. Byromma må vere universelt utforma, og det må leggst til rette for samanhengande gangsamband med sitjeplassar, god lyssetting, grøne omgjevnadar og trygge soner for opphald. I lys av pågåande demografiske endringar, der ein aukande del av befolkninga er over 65 år, er det spesielt viktig å legge til rette for eit aldersvenleg samfunn som er tilpassa alle aldrar.

Korleis får vi det til?

- Fleire bustader i og nær sentrumskjernen
- Varierte og framtidsretta bustadtilbod og buformer tilpassa alle livsfasar i samarbeid med privat næringsliv⁵
- Varierte aktivitetstilbod og lågterskel møteplassar for alle aldersgrupper
- Eit samanhengande byromsnettverk av universelt utforma byrom med ulike funksjonar
- Gode gangsamband med sitjeplassar, god lyssetting og tryggesoner for opphald
- Mellombelse byrom der vi kan teste kva som fungerer i praksis, før tiltak blir permanent etablert
- Gjere fjordfronten meir tilgjengeleg og attraktiv for opphald, rekreasjon og sjøtilknytt aktivitet
- Vidareføre satsinga på urbant landbruk for å styrke sosialt fellesskap
- Bruke samskaping til å styrke sosiale verdiar og aktivere fellesskapet til å ta vare på sentrumsområde

Grøn mobilitet

Vi utviklar Nordfjordeid slik at fleire vel å gå eller sykle **gjennom utbygging av infrastruktur til mjuke trafikantar, kollektivtransport og føreseielege rammer for parkering og gatebruk.**



¹ Lokal transportplan for Stad kommune 2022–2034 inneheld ei rekkje strategiar og tiltak som også gjeld for Nordfjordeid.

Kva betyr dette?

Det skal vere lett å bevege seg og kome seg fram i Nordfjordeid sentrum uansett om ein går, sykklar, brukar rullestol eller andre hjelpemiddel, eller om ein har bruk for anna transport for å kome seg fram. I eit folkehelseperspektiv er det ein stor fordel om tettstaden vert utvikla slik at vi tyr til fysisk bevegelse for å kome oss mellom dei ulike gjeremåla i kvardagen. Dette vil igjen redusere transportbehovet og verke positivt på klimafotavtrykk og forureining.

Samstundes har bilen ein sentral plass i samfunnet i dag, og vi veit at Nordfjordeid har eit stort omland utan eit godt kollektivtilbod. Mange av nærings- og handelsverksemdene er avhengig av at ein kan kome til med bil og større køyretøy, til dømes for varelevering. For å skape eit gåvenleg og trygt sentrum er det likevel viktig å prioritere miljøvenlege transportformer i sentrum, og i enkelte område redusere køyreareal og overflateparkering. Dette støttar òg opp under strategiane i Stad kommune sin lokale transportplan¹.


Ei viktig satsing innanfor grøn mobilitet er elektrifisering og andre drivstoff som hydrogen og biogass. Elektrifisering krev tilgjengeleg ladeinfrastruktur, der tilstrekkeleg kapasitet i kraftnettet er ein føresetnad for å lykkast med omstillinga.

Korleis får vi det til?

- Prioritere miljøvenlege transportformer i rekkefølga: Gange – sykling – kollektivtransport – næringstransport – personbil (Lokal transportplan)
- Prioritere trafikktryggleik og fysisk infrastruktur til mjuke trafikantar som tilfredsstillar dei elementære krava for gåande og syklende, og gjer det meir attraktivt å bevege seg (t.d. universell utforming, grøntanlegg, belysning, visuelle og taktile kvalitetar).
- Sikre gode tilhøve for kollektivtransport, tryggleik rundt kollektivknutepunkt (inkl. skule) og tenkje strategisk rundt plassering av haldeplassar for buss, taxi og bestillingsskyss.
- Legge vekt på samarbeid med regionale og statlege aktørar, mellom anna sikre god infrastruktur og tilkomst til regionale institusjonar og bygg.
- Setje tydelege rammer for parkering og gatebruk ved å prioritere kva ein skal nytte dei ulike gatene og areala til, og korleis parkeringsareal skal vere strukturert.
- Sikre areal til ladeinfrastruktur og tett dialog med nettselskap om prosjekt som krev nettkapasitet

Kultur og lokalt særpreg

Vi tek vare på og vidareutviklar Nordfjordeid sitt lokale særpreg **gjennom vern av kulturarv med høg verdi, styrking av arkitektonisk kvalitet, tettare samspel mellom Eidsgata og fjorden, og konseptet «ein kilometer med kultur».**



⁷ «Ein kilometer med kultur» er både eit konsept og ei kulturløype, som strekker seg på langs av Nordfjordeid sentrum frå Operahuset via garden Myklebust og gravhaugane, Eidsgata, Tverrgata og Yris Hotell til Eksersisplassen og Jektehola ved Eidselva.

Kva betyr dette?

Nordfjordeid sin kulturelle identitet og lokale særpreg rommar både kulturarv, viktige bygningsmiljø, kulturliv og andre kulturelle kvalitetar i og rundt tettstaden. Eid kommune sin kommunedelplan for kulturarv 2017–2029 framhevar den uvanleg rike kulturhistoria til tettstaden Nordfjordeid. Særleg Eidsgata og Tverrgata, med sine særprega trehus, uthus og hagar, er ein viktig identitetsberar for Nordfjordeid (NB!-registeret). For Eidsgata var det i 2020 jobba fram ein moglegheitsstudie gjennom prosjektet «Med hjarte for Eidsgata», som inneheld mange tiltak som skal løfte fram identiteten og styrke folkelivet i Eidsgata (Blåmyra og Nordplan, 2020).

I tillegg til desse tiltaka er det viktig at byggkarakteren og arkitektoniske kvalitetar til det gamle trehusmiljøet vert ivareteke, og at det vert sett krav som sikrar at nye bygningar kompletterer dei gamle bygningane. Sjølv om Nordfjordeid tidlegare var ein strandstad, har utfylling og utbygging langs fjordfronten skapt nye barrierar til fjorden. Det er derfor naudsynt å styrke dei opne tverrsambanda og koplinga mellom Eidsgata, Sjøgata og fjorden ytterlegare.

Stad kommune sin temaplan for kultur 2023–2035 inneheld mange strategiar og tiltak retta mot kulturlivet i Stad, kulturskule, bibliotek, kulturarv, frivilligsentralar, Operahuset Nordfjord og kino. For Nordfjordeid ligg dei fleste av desse kulturarenaene i dag


på rekke og rad gjennom aksen frå Eksersisplassen via Eidsgata til Operahuset Nordfjord. Ei vidare satsing på konseptet «1 km med kultur» handlar om å styrke koplinga mellom dei ulike kulturelle aktørane langs denne aksen, og jobbe vidare med å utvikle attraksjonar med utgangspunkt det lokale særpreget, kulturarv og arkitektur.

Korleis får vi det til?

- Ta vare på og vidareutvikle det lokale særpreget knytt til kulturarv og viktige bygningsmiljø (vern gjennom bruk), mellom anna gjennom brannsikring og tilskotsordningar
- Styrke arkitektonisk kvalitet og kompetanse i plan- og byggforvaltning, til dømes gjennom ein rettleiar for arkitektonisk kvalitet og tydelege krav til arkitektonisk kvalitet i nye prosjekt
- Integrere kulturarvfagleg kompetanse i plan- og byggforvaltning
- Styrke koplinga mellom bygningane og landskapet rundt
- Styrke samspelet mellom Eidsgata og fjorden gjennom byroms- og fortettingsprosjekt som aktiverer og synleggjer tverrsambanda og skaper menneskevenlege byrom.
- Vidareutvikle kulturlivet gjennom aksen frå Eksersisplassen til Operahuset Nordfjord («1 km med kultur»⁷) og bruke arrangement og kulturtilbod som ein drivar i sentrumsutviklinga
- Framleis verne om området rundt gravhaugane på Myklebust, og nytte den internasjonale kulturarvstatusen i vidareutviklinga av Nordfjordeid

Natur og klimatilpassing

Vi tek vare på Nordfjordeid sine naturlege kvalitetar og tilpassar oss eit klima i endring **gjennom vidareutvikling av blå-grøn infrastruktur, naturbaserte løysingar og å sikre plass til natur.**



⁸ I **temaplan for overvatn for Stad kommune** er det bestemt at vi skal nytte overvatnet som ressurs, og sørge for at dette gjev auka biologisk mangfald. Dette betyr at vi skal nytte blå og grøne område til å fordrye og infiltrere regn- og flaumvatn, som estetisk element og som biotopar (leveområde) for artar.

Kva betyr dette?

Nordfjordeid har varierte og rike naturkvalitetar, som har gitt gode føresetnader både for menneske og natur. Landskapet i Eidsdalen, med Eidselva som munnar ut i eit delta i fjorden, er viktig for mange truga plante- og dyreartar – mellom anna villaks, trekkfuglar, ålegrasenger og artar i kulturlandskapet. Desse kvalitetane er viktig å ta vare på.

Naturen gir oss også naudsynte økosystemtenester som reinsing av vatn og luft, og er viktig for rekreasjon, folkehelse, livskvalitet og sosiale fellesskap. Vegetasjon og blå-grøne strukturar er arkitektoniske og romdannande element i gatene som aukar trivselen og attraktiviteten til Nordfjordeid. Gamle og store tre er levande kulturarv og viktige historieberarar, og er spesielt viktig for mikroklima, helse og naturmangfald.

Som følgje av klimaendringar må vi planlegge for eit annleis klima enn det vi er vant med i dag. Som i resten av Vestland er det forventa ein vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør som fører til fleire regnflaumar, skred og utfordringar med handtering av overvatn. Naturen har evne til å ta opp store mengder vatn og kan dempe effektar av klimaendringar. Natur, vegetasjon og blågrøne strukturar gir ein svært kostnadseffektiv beskyttelse mot ekstremvêr og naturskade.

Korleis får vi det til?


- Sikre nok plass til natur, grøntområde og tre (på land og i sjø, over og under bakken)
- Ta vare på viktige økologiske funksjonsområde, mellom anna Eidselva, Osøyrane, Fargarelva, gruntvassområde med ålegrasenger i Eidsfjorden, og viktige kulturlandskap rundt tettstaden
- Ta vare på parkar, store tre, trerekker, nærfriluftsområde, turdrag og elvekorridorar, og vidareutvikle desse til ein samanhengande blågrøn infrastruktur
- Prioritere naturbaserte løysingar ved klimatilpassing⁸
- Nytte vegetasjon og vatn som ressurs i stadutviklinga, og sørge for at dette gjev auka biologisk mangfald
- Jobbe mot å oppnå målet om god miljøtilstand i vassførekomstane (fjorden, Eidselva og Fargarelva) og unngå tiltak som kan svekke miljøtilstanden
- Unngå omdisponering av sentrumsnære friluft- og naturområde



Figur 3: Rådhusvegen slik den kan sjå ut med regnbed. Illustrasjon henta frå bacheloroppgåve ved Høgskulen på Vestlandet om overvasshandtering og styrking av byromsnettverk i Nordfjordeid (Malik-Tøftum, Tobiassen og Sundsli, 2024).

Berekraftig næringsutvikling

Vi vidareutviklar næringslivet på Nordfjordeid **gjennom å få rett verksemd på rett plass, funksjonsblanding og sambruk, og eit variert handels- og tenestetilbod.**



⁹ Tennøy, Aud, Kjersti Visnes Øksenholt, Anders Tønnesen, og Oddrun Helen Hagen. 2017. Kunnskapsgrunnlag: Areal- og transportutvikling for klimavennlige og attraktive byer. Oslo: Transportøkonomisk institutt (TØI).

Kva betyr dette?

Globale, nasjonale og regionale trendar og utfordringar har ein direkte påverknad på næringslivet, og næringslivet spelar ein viktig rolle i korleis vi møter desse. Nordfjordeid er kjenneteikna av offentlege arbeidsplassar, elektro og automasjon, rådgjevingsmiljø og handel. Reiseliv er i tillegg ein sterk veksande næring.

Vi ønskjer å skape gode vilkår for eit variert næringsliv, med variasjon i handels- og tenestetilbodet. For Nordfjordeid som eit handels- og tenesteytande senter bør energien i sentrumskjernen styrkast og utnyttast betre når ein planlegg for ny aktivitet, i staden for å spreie funksjonane utover eit større omland. Dette styrkar attraktiviteten i eit lokalt og regionalt perspektiv, trekker fleire folk til sentrumskjernen og gjer tettstaden levande.

Utsleppsfri cruise er sentralt for utsleppsreduksjon og for å oppnå klimamåla. Stad kommune har som ein av fire kommunar i Nordfjord vedteke å bli sertifisert som berekraftig reisemål, og har med dette forplikta oss til ei rekkje tiltak som skal sikre dette. I følgje masterplan for reisemål i Nordfjord (Mimir, 2024) skal reiselivsnæringa ta vare på natur, kultur og miljø, styrke sosiale verdiar, og oppnå økonomisk levedyktigheit. Livskvaliteten til lokalsamfunnet skal ikkje bli svekka grunna reiseliv. Eit berekraftig reiseliv skal også gi tilgang til ressursar, fasilitetar og fellesgode, og bidra til ansvarleg ressursbruk, reduksjon av klimagassutslepp og bevaring av naturområde.

Korleis får vi det til?

- Samarbeid – legge til rette for at sterke partnerskap, nettverk og klyngar kan dannast
- Funksjonsblanding og sambruk av aktivitetar – styrke bustad- og tenestetilbodet i sentrum, legge til rette for eit variert handelstilbod i direkte tilknytning til sentrumskjernen og styrke symbiosen mellom kjøpesenteret og Eidsgata.
- Rett verksemd på rett plass – samle liknande næringar og prioritere A- og B-lokalitetar på Nordfjordeid, jf. ABC-prinsippet for arbeidsplasslokalisering⁹.
- Støtte opp om lokale initiativ og legge til rette for eit berekraftig heilårsreiseliv
- Følgje opp kriterier og indikatorar i Merket for berekraftig reisemål
- Frigjere areal til næring gjennom fortetting av allereie utbygde areal, for å sikre berekraftig bruk av naturressursar og dyrka jord

ABC-prinsippet handlar om å legge til rette for optimal lokalisering av verksemdar for å minimere transportbehovet.

A-lokalitetar: Verksemdar med mange tilsette og besøkande per arealeining skal plasserast mest mogleg sentralt. Døme: Kontor-, handel-, service-, og kunnskapsarbeidsplassar.

B-lokalitetar: Verksemdar med middels tall tilsette eller besøkande per arealeining bør plasserast i tettstaden men utanfor sentrum. Døme: Bilverkstad, storhandel («big box»), regionale helsefunksjonar, lett industri.

C-lokalitetar: Verksemdar med større arealbehov og færre besøkande eller tilsette bør lokaliserast utanfor tettstaden med tilgjengelegheit til hovudvegnett. Døme: Tyngre industri, transportbedrifter.

Figur 4: ABC-prinsippet for arbeidsplasslokalisering

6. Strategiar for delområde

Dei sentrale delane av Nordfjordeid er vist som funksjonelle delområde, der dei større bustadområda ikkje er teke med. For kvart delområde er det trekt fram nokre strategiar.

Strategiane for delområda kan sjåast på som ei konkretisering av visjon, hovudmål og dei seks innsatsområda. Saman med arealstrategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel legg desse grunnlaget for plan- og utviklingsgrep i komande juridiske arealplanar. Strategiane skal vere overordna og fungere som ei ramme, men kan ikkje legge juridisk bindande føringar for enkeltareal og eigedomar. Arealbruken blir først juridisk bindande gjennom arealplanar, det vil seie kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar (områderegulering og detaljregulering). Avgrensingane av delområda er såleis retningsgivande.

Kopling mellom strategisk plan og vidare arealplanlegging:

Som ei oppfølging av strategisk plan for Nordfjordeid kan ein i kommuneplanen sin arealdel (KPA) setje av større område til dømes til sentrumsformål, grønstruktur, offentleg tenesteyting,

næring, bustad eller kombinerte formål. Gjennom KPA kan ein krevje områderegulering eller detaljregulering der det er behov for det, og revidere sentrumsavgrensing som ligg til grunn for regional planføresegn for handel. For nokre av delområda kan det vere aktuelt å gå vidare med områdereguleringsplanar, men avgrensing av desse må vurderast nærare ved oppstart.

Eit viktig prinsipp i den nasjonale politikken er å ha ein arealbruk som krev minst mogleg nedbygging av naturområde og dyrka mark. Gjennom kommuneplanens arealdel kan det med omsyn til dette vere hensiktsmessig å vedta ei langsiktig utbyggingsgrense rundt tettstaden mot natur- og landbruksareal.




Figur 5 Oversikt over funksjonsområde med egne strategiar på Nordfjordeid. Avgrensingane er retningsgivande for strategiane, men er ikkje juridisk bindande. Reine bustadområde er ikkje inkludert.

Nordfjordeid sentrum og sentrumskjernen

Funksjonar i dag

Småskala handel, kjøpesenter, servering, kollektivknutepunkt, offentleg og privat tenesteyting, kontor, sentrumbustader, sosiale møteplassar, kunnskapssenter. Nasjonalt viktig kulturarv og bygningsmiljø.



Framtidsbilde


«Vidareutvikle identiteten til Nordfjordeid og komprimere sentrum med vekt på sentrumsliv, kulturarv, tenester, handel og bustader»

Strategiar

I sentrumskjernen (markert med raudt i kart):

1. Prioritere utvikling og aktivisering av sentrumskjernen på Nordfjordeid, og konsentrere sentrumsfunksjonar i og nær denne.
2. Prioritere gåande og syklande og redusere overflateparkering og køyreareal i sentrumskjernen
3. Prioritere bygg med kombinert handel og bustader i sentrumskjernen, med eit formspråk som styrkar Eidsgata sin identitet og arkitektur
4. Etablere eit sentralt og bilfritt torg som vert kopla til fjorden
5. Nybygg i sentrumskjernen skal ha ei god høgde- og formtilpassing, med variasjon i takhøgde og fasadar.
6. Nybygg i sentrumskjernen bør ikkje vere høgare enn 4 etasjar pluss mønehøgde ved saltak. Klassiske formprinsipp som til dømes saltak bør nyttast i større grad, for å bryte opp større bygningsvolum og bygge opp under dei småskala arkitektoniske kvalitetane i Eidsgata, samt gje variasjon i takform.
7. Sikre aktivisering av første etasje ut mot offentlege gater og torg, både for næringslokale og bustader.
8. Legge til rette for å kunne forflytte seg med betre merka gangfelt og kantar, lyssetting, skilting og vegdekke tilrettelagt for rullestol/rullator.

Nordfjordeid sentrum og sentrumskjernen



¹⁰ Mogleighetsstudien for Eidsgata (Blåmyra/ Nordplan, 2020) i prosjektet «Med hjarte for Eidsgata» inneheld fleire forslag til prosjekt og tiltak som kan styrke Eidsgata.

¹¹ Kommunal- og moderniseringsdepartementet, u.å. Byrom – en idehåndbok. Hvordan utvikle byromsnettverk i byer og tettsteder.

I heile sentrumsområdet (markert med gult i kart):

1. Prioritere fortetting og transformasjon til bustad-, nærings- og handelsareal i sentrumsområdet på Nordfjordeid framfor å ta i bruk nytt areal.
2. Styrke symbiosen mellom kjøpesenteret og Eidsgata
3. Styrke sentrum og særleg Eidsgata som identitetsberar for Nordfjordeid ved å legge betre til rette for tenesteyting, nisjebutikkar, kulturarenaer og anna aktivitet¹⁰.
4. Styrke samspelet mellom Eidsgata og fjorden ved å aktivere og synleggjere tverrsambanda.
5. Sikre viktige landskapsmessige samanhengar rundt gravhaugane på Myklebust og Eid kyrkje, særleg koplinga mot fjorden.
6. Prioritere reparasjon og aktivisering av fjordfronten til rekreasjon, opphald og eit attraktivt gangsamband, framfor å fylle ut til nytt utbyggingsareal.
7. Sikre god overvasshandtering, primært gjennom opne naturbaserte løysingar (grøntområde, gatetre, regnbed og liknande) som bidreg til trivsel og auka biologisk mangfald.
8. Sikre arkitektonisk kvalitet og lågt klimafotavtrykk i nye prosjekt, slik at nye bygningar kompletterer det gamle trehusmiljøet.
9. Bevare det historiske trehusmiljøet med småskala strukturar gjennom aktiv bruk (ta i bruk eldre bygningar på nye måtar)
10. Stimulere til fleire bustadkompleks i sentrum for fleire aldersgrupper i lag, med livsløpstandard og med nærleik til varierte uterom/byrom
11. Sikre aktive bustadgater, med gode og varierte uterom ved å bruke møblering, gatetre og vegetasjon, og aktivere overgangssoner mellom fasade og gate.
12. Samlokalisere offentlege tenester i sentrum, i nær tilknytning til bustader
13. Prioritere og aktivere eit universelt utforma hovudsamband for mjuke trafikantar gjennom sentrum, frå Sagaparken til Eksersisplassen og langs fjorden.
14. Ved fortetting og transformasjon skal overflateparkering reduserast. Naudsynte plassar bør så langt mogleg samlokalisert i eigna anlegg (med unntak av plassar reservert for menneske med nedsett funksjonsevne og eventuelle plassar reservert bildeleordning).
15. Bruke mellombelse byromsprosjekt som eit strategisk verktøy for å aktivere sentrum og teste tiltak før endeleg omregulering og opparbeiding¹¹
16. Ta vare på parkar, grønntområde, tre og trerekker i sentrum.
17. Prioritere arbeidsplassar som høyrer til A-lokalitetar etter ABC-prinsippet (flest tilsette og besøkande per arealeining, sjå **figur 4** side 23)

Skule-, kultur- og idrettsområdet

Funksjonar i dag

Skule/utdanning, kulturliv, idrett/
rekreasjon, fjordhestsenter, bustader.



Framtidsbilde

«Vidareutvikle skule-, kultur- og idrettsområdet som eit trygt og attraktivt område for livslang læring med vekt på kunnskap, kultur og aktivitet.»

Strategiar

1. Samlokalisere skule, idrett og andre aktivitetar som høyrer saman
2. Sikre areal for framtidige behov knytt til skule, kultur, idrett, fjordhest og kunnskapsformidling.
3. Sikre god trafikktryggleik (Hjartesone) og prioritere fysisk infrastruktur til gåande og syklande som gjer det attraktivt å bevege seg (universell utforming, grøntanlegg, belysning, visuelle og taktile kvalitetar)
4. Vidareutvikle kulturlivet i nordre del av aksa frå Eksersisplassen til Operahuset Nordfjord («1 km med kultur»¹²), og støtte opp om eksisterande arenaer som Operahuset Nordfjord, kinoen, Gymmen.
5. Fleirfunksjonalitet - ha tilgjenge til bygg og areal frå morgon til kveld
6. Vidareutvikle friluftsområde og rekreasjonsmoglegheiter for barn og unge, med naturbaserte løysingar for overvasshandtering og klimatilpassing.
7. Prioritere arbeidsplassar som høyrer til A-lokalitetar etter ABC-prinsippet (flest tilsette og besøkande per arealeining, sjå **figur 4** side 23)

¹² «Ein kilometer med kultur» er både eit konsept og ei kulturløype, som strekker seg på langs av Nordfjordeid sentrum frå Operahuset via garden Myklebust og gravhaugane, Eidskata, Tverrgata og Yris Hotell til Eksersisplassen og Jektehola ved Eidselva.

Osnes

Funksjonar i dag

Kulturarena, kulturarv, grønstruktur og idrett/rekreasjon, småbåthamn, cruisekai, næring, hotell, idretts- og klatresenter, bustader.



Framtidsbilde

«Vidareutvikle Osnes med vekt på reiseliv, rekreasjon, kulturliv, idrett, bustader og kontor.»

Strategiar

1. Transformasjon av grå areal - flytte arealkrevjande næring ut av området, og frigjere plass til bustader, kontorverksemd, reiseliv, rekreasjon og kulturliv
2. Prioritere arbeidsplassar som høyrer til A-lokalitetar etter ABC-prinsippet (flest tilsette og besøkande per arealeining, sjå **figur 4** side 23)
3. Prioritere og aktivere eit universelt utforma hovudsamband for mjuke trafikantar gjennom sentrum, frå Sagaparken til Eksersisplassen (langs fjorden), og sikre god trafikktryggleik ved cruisekaia.
4. Vidareutvikle kulturlivet i sørlege del av aksen frå Eksersisplassen til Operahuset Nordfjord («1 km med kultur»¹³), og støtte opp om eksisterande arenaer som til dømes Malakoff Rockefestival.
5. Ta vare på dei historiske kulturmiljøa på Eksersisplassen og i Hola og jobbe for at private og frivillige kan bidra til ivaretaking av desse.
6. Ta vare på naturkvalitetane ved Eksersisplassen, Eidselva og Osøyrane.
7. Sikre areal til berekraftig reiseliv.
8. Sikre areal til idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.

¹³ «Ein kilometer med kultur» er både eit konsept og ei kulturløype, som strekker seg på langs av Nordfjordeid sentrum frå Operahuset via garden Myklebust og gravhaugane, Eidsgata, Tverrgata og Yris Hotell til Eksersisplassen og Jektehola ved Eidselva.

Øyane

Funksjonar i dag

Industri, forretning/verkstader og lager, idrettsarena og utstillingsplass for fjordhest.



Framtidsbilde

«Vidareutvikle eit effektivt utnytta område til middels besøksintensiv næring og plasskrevjande funksjonar.»

Strategiar

1. Sikre effektiv arealutnytting ved å aktivere og fortette eksisterande næringsareal.
2. Prioritere verksemder som høyrer til B-lokalitetar etter ABC-prinsippet (middels tal tilsette eller besøkande pr arealeining, sjå **figur 4** side 23), og plasskrevjande funksjonar som ikkje treng å ligge i sentrumskjernen.
3. Flytte reine kontorverksemder til sentrum for å bidra til betre synergieffekt med anna tenestenæring, og frigjere areal til plasskrevjande funksjonar.
4. Sikre trafikktryggleik og areal til framtidige behov for infrastruktur.
5. Sikre kantvegetasjon og areal til natur, rekreasjon og naturbasert klimatilpassing langs Eidselva.
6. Avklare framtidig arealbruk for utstillingsplassen og Eid stadion.

Lunden handelspark og Eid næringspark

Funksjonar i dag

Næring, industri/lager, regionale samferdselsfunksjonar, plasskrevjande varer/storhandel, detaljhandel, lege- og tannlegekontor.



Framtidsbilde

«Vidareutvikle eit effektivt utnytta område til middels besøksintensiv næring og plasskrevjande funksjonar, inkludert «big box»-verksemder»

Strategiar

1. Sikre effektiv arealutnytting ved å aktivere og fortette eksisterande næringsareal.
2. Frigjere areal til næring ved å flytte offentlege tenester til anna lokalisering.
3. Prioritere verksemder som høyrer til B-lokalitetar etter ABC-prinsippet (middels tal tilsette eller besøkande pr arealeining, sjå **figur 4** side 23), inkludert plasskrevjande funksjonar og «big box»-verksemder¹⁴ som ikkje treng å ligge i sentrum.
4. Sikre nok areal til naturbaserte løysingar for overvasshandtering (lokal overvasshandtering med bruk av vegetasjon)
5. Sikre trafikktryggleik og areal til gåande og syklande

¹⁴ Definisjon av «big box»-verksemder: Store butikkar med eit breitt vareutval, ofte lokalisert i utkanten av byar og tettstader. Døme: Biltema, Elkjøp, IKEA.



7. Kunnskapsgrunnlaget

Kommunale strategiske planar og fagplanar:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032

Utviklingsplan for Stad kommune 2024-2028 (kommunal planstrategi)

Bustadpolitisk handlingsplan 2022-2030

Lokal transportplan 2022-2034

Temaplan for vassforsyning, avløp og overvatn 2023-2034

Kommunedelplan for kulturarv Eid kommune 2017-2029

Temaplan for kultur 2023-2035

Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035

Plan for friluftslivet sine ferdselsårer

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett 2024-2035

Gjeldande reguleringsplanar og kommuneplanens arealdel:

Sjå www.kommunekart.no og www.arealplaner.no.

Sentrumsavgrensing:

Vedteken avgrensing av sentrumsområde for Nordfjordeid, 26.02.2019

Rapportar og analysar

Norconsult, 2024. Moglegskisse – Samlokalisering av funksjonsareal for hest

Norconsult, 2024. Plangrep, fortetningsanalyse og handelsanalyse.

Norconsult, 2024. Handels- og næringsanalyse for Stad og Nordfjordeid.

Norconsult, 2024. Nordfjordeid – Skule- og idrettsarena.

Moglegheitsstudie for sambruk og utvikling av skule- og idrettsområdet, for Stad kommune.

Mimir, 2024. Masterplan for Nordfjord mot 2030. For Visit Nordfjord.

Hanne Toftdahl, 2023. Levende sentrum – kva skal til?

Oppsummering av foredrag 27. april 2023. Vista analyse, for Stad vekst.

Tinkr, 2022. Innsiktsdokument frå Anleggsstrategi idrett – Nordfjordeid sentrum

Stad kommune, 2021. Skulestaden Nordfjordeid. Forstudie/strateginotat

Blåmyra og Nordplan, 2020. Eidsgata - Korleis ta vare på og utvikle den historiske kulturgata på Nordfjordeid.

Moglegheitsstudie for Stad kommune.

Stad vekst, 2020. Næringsanalyse Stad kommune.

Stad kommune, 2018. Rapport frå arbeid med stadutvikling. Stad: Nordfjordeid. Jakta på folkeviljen.

Nordplan, 2018. Vurderingsgrunnlag for avgrensing av sentrumsområde for Nordfjordeid

Asplan Viak, 2018. Handels- og sentrumsutviklingsanalyse, Nordfjordeid.

Eid kommune, 2016. Sagaløypa. Kulturløype, Nordfjordeid si kulturhistorie

Asplan Viak, 2013. Sentrumsanalyse Nordfjordeid 2013.

Nordplan, 2012. Eidsgata /Tverrgata – forenkla kulturhistorisk stadanalyse.

Forarbeid detaljreguleringsplan - Kulturminnefagleg rapport for Eid kommune.

Nordplan, 1996. Stadanalyse for Nordfjordeid.



Stad
kommune

Forord Introduksjon Identitet Utviklingstrekk Mål Innsatsområde Strategiar Kunnskapsgrunnlag

Stad kommune

Rådhusvegen 11

6770 Nordfjordeid

post@stad.kommune.no

+47 57 88 58 00